



Even Askeland
Mykingvegen 160
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2527 - 15/22024

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
12.06.2015

Svar på søknad om avkjørsle - gbnr 213/44 Eikanger nedre

Teknisk drift syner til søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle i delings sak på gbnr 213/44 til ny bustadtomt med 1 bueining datert 03.06.2015.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining (ny bustadtomt) på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle (minimum 200mm) og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdatab.no og www.vegvesen.no
- Ei føresetnad for løyve er at det vert gitt delingsløyve for etablering av ny bustadtomt.

Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle gjeld berre tilknytning til kommunal veg. Bygging /utbetring av avkjørsle treng eget løyve frå byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal N100 at vegmynde skal sette krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettane De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.



Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

- Avdelingsleiar delingssaker
- sakshandsamar delingssaker
- Fagleiar veg

AVTALE

om rett til privat veg over Gnr 213 bnr 4 , 7 og 28 på Nedre Eikanger

for eigedomane bnr 44,55 og tomtene som vert delt fra 44og55.tilhøyrande Even Askaland.

Avtale gjeld

Vegdel 1: rett til bruk av ca xx m eksisterande gardsveg frå kommunal sнопlass til avkjøring til regulert område på tidlegare idrettsplass. Vegen er omtalt som nr 2 i vegskjønn frå 19.november 1957 og jordskifterett 26.oktober 1981. Veggrunnen ligg på bnr 4 ,7og 28

Vegdel 2: rett til bruk av ca xx m eksisterande reguleringsveg veg frå gardsvegen over over bnr 28 og fram til eigen tomt 44,55 og xx. Vegen er omtalt som trafikkområde i reguleringsføresegner frå 12.1.1978 for hyttegrend på 213/ 28 og del av bnr 4.

Opparbeiding og vedlikehald

Brukar må delta med skjønsmessig andel i vedlikehald og evt oppgradering av vegstandardane. Tidlegare avsahte skjønn og reguleringsføresegner kan nyttast som grunnlag for fordeling. Som delingsforhold mellom hytter og bustader kan nyt En for delingsnøkel Hytte 0,3 og Bustad 1. Endra bruk gjev grunnlag for ny vurdering, men betalte bidrag vert ikkje endra om det kjem til nye brukarar.


Eigarskifte og andre endringar

Bruksretten kan overførast til nye eigarar ved sal eller ved oppdeling av dei aktuelle parsellane. Vesentlege endringar i bruk eller ved frådelling av egne tomter krev justering av plikter i fellesvegane.

Tvist

Eit fleirtal av brukarane avgjer iverksetjing av vedlikehald, utbetring og fordeling . Usemje om arbeid eller forståing av avtalen kan avgjerast av lensmannen i Lindås og Meland om ein av partane krev det . Tapande part dekkar sakskostnader.

Dato	22.05.2015	Bnr 4	Dag Eivind Hagesæter	<u>Dag E. Hagesæter</u>
Dato	22.05.2015	Bnr 7	Kjersti Furnes Soltvedt	<u>Kjersti F. Soltvedt</u>
Dato	22.05.2015	Bnr 7	Marlon Soltvedt	<u>Marlon Soltvedt</u>
Dato	22.05.2015	Bnr 28	Erik Hagesæter	<u>Erik Hagesæter</u>
Dato	22.05.2015	Bnr 44	Even Askaland	<u>Even Askaland</u>
Dato	22.05.2015	Bnr xx	Even Askaland	<u>Even Askaland</u>



Veg Avtale

- Bnr 4 Dag Eivind Hagesæter *Dag Eivind Hagesæter*
- Bnr 7 Kjersti Furnes Soltvedt *Kjersti F. Soltvedt*
- Bnr 7 Marlon Soltvedt *Marlon Soltvedt*
- Bnr 28 Erik Hagesæter *Erik Hagesæter*
- Bnr 44 Even Askefand *Even Askefand*
- Bnr xx Even Askefand *Even Askefand*

Dato 22.05.2015

Dato 22.05.2015

Dato 22.05.2015

Dato 22.05.2015

Dato 22.05.2015

Dato 22.05.2015

- Målte Grenser
- Registrerte Grenser
- Udefinert grenser
- Terrengmålte grense
- Konstruert grensepunkt
- Bolig
- Bustad m/leilighet
- Våningshus
- Storre bustad
- Hytte/feriehuis
- Garasje/utlhus
- Industri/lager
- Andre bygg

Beliggenhet og høyder må oppfattas som orienterende.



Lindås kommune
Geodata avdeling

Grunnkart 2009.

Dato: 2014.12.16
Sign: SSO

G.nr. 213, b.nr. 28.



Målestokk
1:1000



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3109 - 15/32058

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
19.10.2015

Dispensasjon og løyve til tiltak - gbnr 210/1 m fl - Eikanger Vassverk - VA-anlegg

Administrativt vedtak. Saknr: 454/15

Tiltakshavar: Eikanger Vassverk
Ansvarleg søkar: Lindås Rør & Ssnitær AS
Søknadstype: Søknad om dispensasjon og søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av felles vass- og avløpsleidning for Eikanger Vassverk, som er eit sameige med 40 partar på gnr 210, 211, 212 og 213. Søknaden omfattar felles hovudanlegg knytt til kommunal utslppsleidning, og private sekundærnett. Kommunen skal overta hovudanlegget, jf brev datert 08.07.2015 frå Lindås kommune, teknisk drift med tilsegn om tilskot til bygging og kommunal overtaking. Saka omfattar søknad om dispensasjon frå kommuneplanen og byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag.

Det vert elles vist til søknad om dispensasjon mottatt 08.09.2015 og søknad om løyve til tiltak mottatt 25.08.2015, vedlagt liste med oversikt over grunneigarar, naboar og deltakarar i sameiget.

Sakshandsamingsfrist

Frist for handsaming av dispensasjonssøknader er 12 veker pluss 4 veker for ekstern høyring.

Planstatus

Tiltaket ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. I tillegg vert delar av tiltaket råka av byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag. Ein liten del av leidningsnettet ligg i sjø inst i Eikangervågen. Tiltaket krev dispensasjon frå både vedteken arealbruk og byggeforbodet i strandsona for å kunne godkjennast. Kommuneplanen tillet VA-leidningar i sjøområde merka *bruk og vern av sjø* i kommuneplanen.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Dispensasjonssøknaden

Innleiing. Eikanger Vassverk org nr 915 641 741 er eit sameige med 40 partar som med dette søker om dispensasjon frå Plb for bygging av vatn- og avløpsanlegg i Eikangerområdet slik det er framstilt i innsendt melding frå Lindås Rør og Sanitær.

Berørte eigedomar er alt kjede med tiltaket gjennom informasjonsmøte, som medeigarar i vassverket, gjennom grunnavtalar eller ved kvitterte nabovarsel. Søknad om dispensasjon gjev ingen nye moment eller endringar i høve til desse eigedomane, men innsending av denne dispensasjonssøknaden vert likevel varsla særskilt ved annonsering i lokalpressa.

Tiltaket er leidningsnett for vatn og avløp, for området frå innerst i Eikangervågen og fram til Myr grense. Anlegget skal knytast til eksisterande kommunalt leidningsnett i Eikangervågen og det nye hovudnettet skal etter utbygging i privat regi, over til kommunal eige og drift. Anlegg og organisering er planlagt i nært samarbeid med VA avdelinga i kommunen og tilrettelagt og dimensjonert for å inngå som del av eit større framtidig hovudnett.

Verknader. Verknader for arealbruk til landbruk natur og friluftsliv er små. Produksjon til landbruksføremål vert ubetydeleg skadelidande. Terrenget vert for det meste tilbakeført til nærma eksisterande utforming, enkelte stader med litt betre tilkomst i alle fall ei tid til skogen overtar kontrollen.

Eikangervågen må kryssast i eit grunnt parti heilt innerst. Her er det frå før fleire leidningar av same type. Leidningane vil ikkje vera til hinder for båttrafikk, fiske eller fugleliv.

Elva må kyssast ein stad. Langs elva må det ryddast ein del vanleg lauvskog, som i dag for det meste utgjer eit hinder for dei som likar å fiske. Arbeid i sjølve elveløpet vert lite og i eit område med sakteflytande vatn, lite utsett for utgraving av lausmassar.

Både vatn- og avløpsleidningar i Liavatnet får ein plassering, materialval og utforming som berre i liten grad vil endra noverande bruk av vatnet, eller påverka plante, fisk eller dyreliv. Det vert ikkje gjennomført gravearbeid anna enn heilt nær landtaka. Leidningsnettet får ingen tslepp til vassdraget.

Det er ikkje kjente kulturminne som vert påverka av tiltaket.

Dei største allmenne interesser vert positivt påverka ved at ein oppnår kraftig reduksjon av utslepp, og sikrar tilgang på ein god og problemfri vassforsyning. Det legg og til rette for ei vidare ønskt og styrt utvikling av Eikanger og nærliggjande bygdesamfunn. Reaksjonane på tiltaket er så langt nesten udelt positive.

Vi håpar dispensasjonssøknaden saman med tidlegare melding gjev kommunen tilstrekkeleg grunnlag til samordna sakshandsaming og eit snarleg gje løyve til å gjennomføra eit tiltak som mange ser fram til med forventning og er villige til å yta både tid og økonomisk innsats på.

Uttale frå andre styresmakter

Søknaden har vore sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Bergen og Omland Havnevesen og Statens Vegvesen.

Statens Vegvesen skriv i uttale datert 10.09.2015 følgjande:

Framlegg til trase for vass- og avlaupsleidninga vil i nokre tilfelle gå langs og krysse fylkesveg 397. I dei tilfella der det vert nærføring med fylkesvegen eller leidninga skal krysse fylkesvegen må det søkjast om graveløyve til nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no. I samband med søknaden om graveløyve skal det utarbeidast ein skilt- og sikringsplan for arbeidet som skal godkjennast av Statens vegvesen før det kan gjevast løyve til arbeid på eller nær offentleg veg (riks- og fylkesveg).

Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel når det gjeld LNFR-føremålet og byggeforbodet langs sjø og vassdrag.

Bergen og Omland Havnevesen skriv i uttale datert 24.09.2015 følgjande:

Vurdering av tiltaket

Tiltaket er et ledningsnett for vann og avløp for området fra innerst i Eikangervågen og fram til Myr grense. Anlegget skal knyttes til eksisterende kommunalt ledningsnett i Eikangervågen. BOH uttaler seg kun om de deler av tiltaket som er lokalisert i Eikangervågen. Resten av tiltaket ligger i område som ikke er farbart med fartøy fra sjø og faller av den grunn utenfor virkeområdet til havne – og farvannsloven, jf lovens § 2 første ledd.

Ut fra de opplysninger vi har mottatt kan vi ikke se at tiltaket vil være problematisk etter hfl.

Vi minner om at tiltaket er søknadspliktig etter hfl § 27 første ledd.. Søknad må sendes hertil i god tid før tiltak iverksettes.

Hordaland fylkeskommune ved fylkeskonservatoren har komme med uttale i brev datert 07.10.2015:

Kulturminnefagleg vurdering

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne i området.

Bergen Sjøfartsmuseum har ingen merknader i saka. Vi ber om at ein tek atterhald om at dersom det under arbeidet dukker opp sag/kvern, stemmer (demningar) eller andre marine eller maritime kulturminne, må ein stanse arbeidet og kontakte Bergen Sjøfartsmuseum.

Vi ber om at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen når det gjeld kulturminne.

Nabovarsel

Naboar er varsla om søknaden om løyve til tiltak. Spesifikk varsling av dispensasjonssøknad er gjort ved kungjering i lokalpressa. Det har ikkje komme inn merknader.

Plassering

Plassering av anlegget er vist i 2 stk kart datert 15.06.2015, mottatt 25.08.2015, som viser trasé for hovudnett og private sekundærnett.

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente planar/teikningar.

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og utførast i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5, etter planar godkjent av kommunen ved teknisk drift.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempe, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggja innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføra, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsøkte tiltak gjeld etablering av felles VA-anlegg for eigedommane til 40 partar i sameiget med eksisterande avløpsanlegg som ikkje tilfredsstillir dagens krav. Området er ikkje utbyggt med kommunalt kloakkanlegg men skal knytast til eksisterande kommunale utslepp i Eikangervågen.

Tiltaket vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Tiltaket vil gje ei oppgradering og forbetring av eksisterande situasjon og vil sikra ei forsvarleg og helsemessig tilfredsstillande handtering av avløpet frå eigedomane. Avløpsleidningane leggast i sjø/vassdrag og på land skal det gravast ned og terrenget skal reetablerast og vil såleis ikkje endra bruken av arealet.

Avløpsleidningen går ut i sjø i område avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner. Arealføremålet er i seg sjølv ikkje til hinder for etablering av kloakkleidning, jf punkt 6.2 i føresegnene til kommuneplanen. Kommunen vurderer at omsøkte tiltak er av ein slik storleik og karakter at det ikkje kjem i konflikt med fiskeriinteresser.

Administrasjonen finn etter ei samla vurdering at verken LNF-føremålet eller dei omsyna byggeforbodet i strandsona langs sjø og vassdrag skal ivareta vert skadelidande som følgje av tiltaket. Dispensasjon vert gitt som omsøkt.

Det må dokumenterast naudsynt graveløyve og godkjent skilt- og sikringsplan plan før kryssing av fylkesveg 397 og av kommunevegane nr 1110 og 1163 og arbeid nær desse vegane . Likeeins må det innhentast løyve frå hamnestyresmakt til legging av leidningar i sjø.

Privatrettslege tilhøve

Det er lagt fram grunnavtalar med dei som ikkje er med i sameiget.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1 for (PRO) og 2 for (UTF).

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 11-6 (rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel) og pbl § 1-8 (byggeforbodet i strandsona) for etablering av felles vass- og avløpsleidningar i samsvar med søknad mottatt 08.09.2015.

Dispensasjonsvedtaket skal sendast til fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og Bergen og omland havnevesen til orientering/klagevurdering.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av felles avløpsleidning i samsvar med søknad mottatt 25.08.2015 og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplanar datert 15.06.2015, mottatt 25.08.2015, som viser hovudleidningar og stillingleidningar fram til den enkelte eigedom.
2. Tiltaket skal knytast til offentleg VA-anlegg i samsvar med planar godkjende av Lindås kommune ved teknisk drift.
3. Arbeidet skal utførast i tett samarbeid med teknisk drift.
4. Det skal ligga føre godkjend løyve etter hamnelova før arbeidet i sjø tek til.
5. Det skal liggja føre godkjend graveløyve frå Statens vegvesen og godkjent skilt- og sikringsplan plan før arbeidet nær fv 397 tek til.
6. Det skal liggja føre godkjend graveløyve frå Lindås kommune ved teknisk drift og godkjent skilt- og sikringsplan plan før arbeidet nær kommunevegane tek til.
7. Dersom det ved graving kjem fram funn som kan vera automatisk freda kulturminne, skal arbeid på denne staden stoppast og hordaland fylkeskommune varslast.
8. Arbeidet skal leggjast opp slik at ein unngår inngrep i /varig skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar hustuffer m m. Ved tvil skal kulturstyresmaktene kontaktast, jf uttale frå hordaland fylkeskommune.
9. Kart og koordinatliste som viser faktisk plassering av tiltaket skal laevaerast kommunen med søknad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.
10. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse som omsøkt, jf SAK § 9-3.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) / 23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Lindås Rør & Sanitær AS	935 347 920	S	1	Ansvarleg søkar

PRO	Lindås Rør & Sanitær AS	935 347 920	S	1	VA-anlegg
UTF	Lindås Rør & Sanitær AS	935 347 920	S	2	VA-anlegg
UTF	Tore Håland	960 684 648	S	1	Grøftarbeid

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: **15/3109**

Lenke til saka i kommunen sitt innsyn på nett:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2015003109&

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at anlegget vert utført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkar seinast ved søknad om ferdigattest senda oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkar stadfesta at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan

eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggst ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisera attståande arbeid, stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggst ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggja føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
6.1	Bruk av kartbasis	1	Kr 500,-
9.1.1	Dispensasjon som gjeld pbl § 1-8	1	Kr 8 400,-
9.1.5	Andre dispensasjonar som gjeld plan, lov eller forskrift	1	Kr 8 400,-
10.2.5	Basisgebyr for konstruksjonar og anlegg	1	Kr 10 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 27 300,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunnigjeven.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bergen og omland havnevesen
Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 Bergen

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune

Sameige Eikanger Vassverk v/ Ivar Eidsheim

Statens vegvesen Region vest

Teknisk drift

Nedre Eikanger 62

Askedalen 4

her

5913

6863

EIKANGERVÅG

LEIKANGER


Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1

5914

ISDALSTØ



- Målte Grenser
- Registrerte Grenser
- Udefinert grenser
- ↑ Terrengmålte grense
- ▲ Konstruert grensepunkt
- Bolig
- Bustad m/leilighet
- Våningshus
- Storre bustader
- Hytte/feriehuis
- Garasje/uthus
- Industri/lager
- Andre bygg

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.

VL-SPV Nedre Eikanger — Kommunal og Private.



15/6-15
L.N




Lindås kommune
VVA avdeling
SPV K. tilknytt. eks. pumpest./k
VL. k. tilknytt. eks. VL-kum/k

Dato: 2015.06.15
Sign: AH

Eikanger til Lie vatnet



Målestokk
1:3000



<ul style="list-style-type: none"> — Målte Grenser - Registrerte Grenser Udefinert grenser Terrengmålte grense Konstruert grensepunkt Bolig 	<ul style="list-style-type: none"> Bustad m/leilighet Våningshus Større bustader Hytte/feriehuis Garasje/uthus Industri/lager 	<p>VL - SPV - Eikanger Nedre - Kom - Privat.</p> <p>LINDÅS RØR & SANITER</p> <p>www.lindas-ror.no</p>	<p>Lindås kommune</p> <p>VVA avdeling</p> <p>VL5-1400 K</p>	<p>15/6-15</p> <p>L.N</p>	<p>Dato: 2015.06.15</p> <p>Sign: AH</p>	<p>Lie</p>	<p>N</p> <p>Målestokk 1:3000</p>
---	---	---	---	---------------------------	---	------------	--------------------------------------

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.

F-2